



Møtebok Fjordvegen Rute 13

Styremøte 07.09.2021, kl 13.00-15.00 Stad: Videomøte

Deltakarar: Gerd Helen Bø, Bjørn Laugaland, Morten Midlang, Sigbjørn Hauge
Torolv Mikkelsen, Kristoffer Amdal, Ingvald Torblå

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

Forfall: Roald Aga Haug

Ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Sak 17/21 Meldingar

Sak 18/21 Førebuing til synfaring langs Rv13 15. og 16. sept med Nye Veier AS
Gjennomgang av program og tidsplan .

- **Deltaking**
- **Tidsplan**
- **Møter - Kven skal inviterast ?**
- **Med i bussen - Presse/medlemmer**
- **Førebuing t.d. opptrykk av bilete, kart o.a. til dei 3 representantane frå Nye Veier.**

Vedtak:

Framlagt program og tidsplan vart justert og vedteken.

Pga svært trong tidsplan og smittesituasjonen, er det avgrensa kor mange som kan vera med i bussen og stoppa blir avgrensa. Nye Veier har ønskt å få oversikt først ved å treffa styret og kommunerepresentantar (ordførarar).

Styret ønskjer difor primært skriftlege innspel frå medlemmer før turen. Invitasjon til dette blir sendt raskt ut til medlemma. Det vil bli nye møte seinare.

Presse skal inviterast til avtala punkt.

Alle får same skriftlege informasjon ved at presentasjon og info vert trykt opp. Mal: Felles dokument der ein har bilete med kommentarfelt.

Sak 19/21 Oppsummering etter Arendalsuka 2021

Nasjonal rassikringsgruppe v/Kristoffer Amdal: Gruppa jhar nettopp evaluert, og er veldig godt fornøgd med deltaking på Arendalsveka. Rassikring fekk mykje god merksemd.

Viktigast var den posisjonen og deltakinga rassikringsgruppa fekk i debattane i samferdselsteltet, samt nettverksbygging med andre organisasjonar innan samferdsel.

Mandatet til N.R. skal drøftast å bli utvida til å dekkja problemstillingar rundt leirskred og med det kunne dekkja fleire fylke.

Representantar for administrasjonen fekk erfaring ved deltaking nær stand og på debatt i kortare periodar i Arendal. Fjordvegen kunne hatt god nytte av å vore formelt med på visse tidspunkt i samferdselsteltet.

Det må vurderast om Fjordvegen skal profilera seg og delta på Arendalsuka 2022.

.

Sak 20/21 Regnskap pr. august 2021 - Status

Gjennomgang av rekneskap.

Vedtak:

Rekneskapen vert teken til orientering.

Sak 21/21 Hanne informerer

• Oppfølging av strategi- og handlingsplan

Nyheitsbrev: Tema blir m.a. kva rassikringsgruppa gjer no og etter valget. Bed om innspel. Facebook oppdatering.

Neste årskonferanse er føreslått til rett over nyåret 2022: Kva tankar har styret no? Tilbakemeldingar på dei 9 møta me hadde frå januar til mai med stortingsgruppene i ulike parti – ein annan måte å nå fram med korona-tilpasning. Konferansen er likevel verdifull, og valet og oppfølginga av vedtekne NTP vil avgjera innhaldet.

Muleg løysing: Samarbeid med Nasjonal rassikringsgruppe - det vert også viktig til neste år. Styret støttar tanken om samarbeid med rassikringsgruppa for konferanse, og me bør ta dette opp når me møter styreleiaren der etter turen med Nye veier AS.

Innspel på tema: Dei nye tilletne store vogntoga (25 m) på RV 13: Det er pr no umogleg, og lokale transportørar misser anbod.

Hardanger Industri har søkt om løyve til å få slike vogntog tilknytta E134 inn til Odda. Lastebileierforbundet må kontaktast.

Travel like the locals – arbeidet er tatt opp att i Rogaland.

Medlemsrekruttering: Arbeider med nye medlemmer - det skjer ting, men ikkje avklara. Vil kontakta styremedlemma om enkelte mulege medlem.

Sak 22/21 Fast Post: Gjennomgang av status for Rv13

Denne saka vert utsett til studieturen neste veke.

Sak 23/21 Vidareføring av avtale for Hanne Sundbø 2021 - 2023

Vedtak:

Avtale med Hanne Sundbø vert gjort som fast tilsetjing utan sluttdato. Avtale mellom Hardangerrådet og Fjordvegen Rute 13 vert gjort fast og utan sluttdato.

Sak 24/21 Innmeldte saker/Ymse

Ingen saker er meldt inn til styret

Kinsarvik, 07.09.2021

Jostein Eitrheim
referent